

Eksamen

28. november 2017

LBR3002

Utmark og kulturlandskap

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive og grunngje dei vala du tar.</p> <p>Du viser kompetansen din i faget i forhold til læreplanen når du:</p> <ul style="list-style-type: none">• presenterer og bruker fagstoff med grunngjevingar for synspunkta og forslaga dine• diskuterer ulike synspunkt og løysingar ut frå problemstillingane i oppgåva• gjer greie for moglege konsekvensar av vala dine• brukar fagterminologi på ein formålstenleg og fornuftig måte <p>Ved vurderinga tel oppgåve 1 omlag 70 % og oppgåve 2 omlag 30 %.</p>

Situasjonsbeskriving

Garden din ligg ved sjøen i ei bygd inst i ein fjord. Bygda ligg om lag 40 km frå ein by med gode kommunikasjonar. Garden er eit typisk familiebruk av middels storleik, og gir arbeid og utkomme til ein person på heiltid. I onner og arbeidsintensive periodar får du hjelp frå familiemedlemmar og tilfeldig arbeidskraft.

Det ligg ein betydeleg utmarkseigedom i tilknytning til garden. Utmarka er lite utnytta i næringsssamanheng, men ho ligg i eit populært utfartsområde. Utmarkseigedommen strekker seg frå sjøen og heilt opp på snaufjellet. Eigedommen grensar mot eit vatn omlag 3 km frå sjøen. Elva frå vatnet ned til sjøen har eit fossefall som gjer at fisk frå sjøen ikkje kjem heilt opp i vatnet. Elles er fisken i vatnet nokså småfallen, og elva er stengt for fiske pga. manglande fangstrapportering.

Det er organisert jakt (elg og småvilt) i området i samarbeid med andre grunneigarar. Elgjakta har normalt ei kvote på 6 dyr i året. Grunneigarane jaktar sjølv, men det er tendensar til "forgubbing" blant jegerane.

Skogressursane er betydelege med både bar- og lauvskog.

Nede ved sjøen ligg det eit naust og ei lita brygge. Desse bygningane blir mest brukt som lager, men er elles i relativt god stand. Det finst også restar av ein gamal husmannsplass på eigedommen. Husmannsplassen ligg ved elva eit par km frå sjøen. Bygningane er her i dårleg stand, bortsett frå bustadhuset, som fikk nytt bølgeblekktak for 40 år sidan.

Oppgåve 1

Du og familien din ønsker å utvikle eigedommen slik at han kan gi grunnlag for større verdiskaping. På kva for område og korleis vil du utvikle drifta av utmarka og ressursane utanom sjølve gardsbruket, slik at du får grunnlag for minst ein arbeidsplass i tillegg til din eigen?

Du kan føye til eigne føresetnader i tillegg til dei som er gitt i situasjonsbeskrivinga dersom det er ønskeleg.

Oppgåve 2

På kva for nokre område kan det oppstå interessekonfliktar mellom planane dine og området sin funksjon som rekreasjonsområde? Korleis vil du redusere/unngå slike konfliktar?

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive og begrunne de valgene du tar.</p> <p>Du viser din kompetanse i faget i forhold til læreplanen når du:</p> <ul style="list-style-type: none">• presenterer og bruker fagstoff med begrunnelse for dine synspunkter og forslag• diskuterer ulike synspunkter og løsninger ut fra problemstillingene i oppgaven• gjør rede for mulige konsekvenser av dine valg• bruker fagterminologi på en hensiktsmessig og fornuftig måte <p>Ved vurderingen teller oppgave 1 ca. 70 % og oppgave 2 ca. 30 %.</p>

Situasjonsbeskrivelse

Gården din ligger ved sjøen i ei bygd innerst i en fjord. Bygda ligger ca. 40 km fra en by med gode kommunikasjoner. Gården er et typisk familiebruk av middels størrelse, og gir arbeid og utkomme til en person på heltid. I onner og arbeidsintensive perioder får du hjelp fra familiemedlemmer og tilfeldig arbeidskraft.

Det ligger en betydelig utmarkseiendom i tilknytning til gården. Utmarka er lite utnyttet i næringssammenheng, men den ligger i et populært utfartsområde. Utmarkseiendommen strekker seg fra sjøen og helt opp på snaufjellet. Eiendommen grenser mot et vann ca. 3 km fra sjøen. Elva fra vannet ned til sjøen har et fossefall som gjør at fisk fra sjøen ikke kommer helt opp i vannet. Ellers er fisken i vannet nokså småfallen, og elva er stengt for fiske pga. manglende fangstrapportering.

Det er organisert jakt (elg og småvilt) i området i samarbeid med andre grunneiere. Elgjakta har normalt ei kvote på 6 dyr i året. Grunneierne jakter sjøl, men det er tendenser til "forgubbing" blant jegerne.

Skogressursene er betydelige med både bar- og lauvskog.

Nede ved sjøen ligger det et naust og ei lita brygge. Disse bygningene brukes mest som lager, men er ellers i relativt god forfatning. Det fins også rester av en gammel husmannsplass på eiendommen. Husmannsplassen ligger ved elva et par km fra sjøen. Bygningene er her i dårlig stand, bortsett fra bolighuset, som fikk nytt bølgeblikktak for 40 år siden.


Oppgave 1

Du og familien din ønsker å utvikle eiendommen slik at den kan gi grunnlag for større verdiskaping. På hvilke områder og hvordan vil du utvikle drifta av utmarka og ressursene utenom selve gårdsbruket, slik at du får grunnlag for minst en arbeidsplass i tillegg til din egen?

Du kan føye til egne forutsetninger i tillegg til de som er gitt i situasjonsbeskrivelsen dersom det er ønskelig.

Oppgave 2

På hvilke områder kan det oppstå interessekonflikter mellom dine planer og områdetets funksjon som rekreasjonsområde? Hvordan vil du redusere/unngå slike konflikter?



www.vigoiks.no/eksamen